

# Halling- drom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 2/07

# **INNHALD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Hallinglagsnytt</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Kjende Hallingar</b>		
- Øyvind Brabant	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Hallingspringar og laus</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>Helgekurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Golsfjellet - vill vest ...</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Hallingkvelden vart ein suksess</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Hytta vår - Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Lagsinfo</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

## Fyriord

Hallinglaget ynskjer alle velkommen til ein ny dansehaust der alt kan skje etter ei lang pause og ein aktiv kappleiksommar. Som leiar vil eg takke alle som har vore med på å lage liv og leik på Ål, Geilo og Fagernes. Det var der dei fleste har vore å sjå i sommar, og på Hallingbu. Det har vore fleire trivelege turar dit og det har vore mange bra dugnader i sommar og haust. Nye glas er bore fram, samt beis, måling og materialar til utbetring av hytta. Glasa vart sett inn på ein stor dugnad siste helga i august og det er både beisa og måla ein del. Resultatet er blitt bra! Det er moro å arbeide saman og samlast rundt eit bord til ein god matbete. Her må jentene i laget berømmast, dei kan meir enn å danse springar på glatte golv.

Hallinglaget klarte å stille lag på lagdansen under Lanskappleiken (LKL) på Geilo siste onsdagen i juni. Det kan me vere stolte av, det er ikkje lett å samle så mange så tidleg i veka. Alle som kom fram fekk danse, det vart fråfall av to guitar – ein vart sjuk og ein kunne ikkje kome så tidleg. To av jentene var så sporty å danse saman, slik at me vart fem par og kunne danse! Viktigast var det at alle fekk danse, og frammøtet av publikum var så stort på Samfunnshuset at ikkje alle kom inn! Deltakinga og kvaliteten var høg, så det var ikkje så rart at me måtte ta til takke med ein delt sistepllass! Men det var berre eit poeng eller to opp til laga framom. Lagdansen er blitt ein viktig og populær del av LKL, men burde ikkje komme så tidleg som onsdagen. Sjølv om nokon må starte opp tevlingane i eit arrangementet som blir stadig større. På kvelden onsdagen var alle glade, me samlast i matteltet med den gode maten og det gode dansegolvet. Noko som er heilt sikkert er at denne plasseringa ikkje har drepe dansegleda til dei som var med. Det var søkkande god dansemusikk i teltet denne kvelden, gammaldans ved Ola R. Imset og Torstein Gjeldokk og toradermusikk ved tre mestre frå Hallingdal, Lisbeth Haraldsen, Håkon Tveito og Ola T. Stave. Eg såg berre glade folk som hadde det moro denne kvelden.

Alt fungerte veldig bra under LKL på Geilo, tevlingane, maten og dansen på kveldane. Alt var så profesjonelt at det var moro å vere med som dugnadsarbeider. Minst ti av laget sine medlemer var med, og no gler me oss til dugnadsfesten i oktober. Det vart synt stor dansing som framheva hallingspringaren i sommar, så dansen vår blir stadig meir populær. Eg har skrive meir om dansinga som eg minnest her i bladet. Me vil difor skipa til eit nytt stort helgekurs i november som me pleier, sjå annonse om det inne i bladet. Folk vil komme frå nær og fjern som i fjar (då var me 45!). Så sitt ikkje inne denne hausten, men kom og dans. Hallinglaget har aldri hatt fleire dugande spelemenn enn no, og dugnadsånda er større enn på lenge. Overraskinger kan pårekna, til døme kan gjestespelemenn dukke opp. Det er viktig at folk kjem på kursa og tilskipingane til laget. Det ser ut til at folk gjer det, og det er veldig bra og inspirerande for oss som heldt på med lagsdrifta.

Laget ynskjer alle velkommen til aktivitetane framover, sjå programmet i midten.  
Velkomne skal de vere.

**Kos dikkon med Hallingljom!**

*Terje*

## Hallingnytt

1. Vår tidlegare leiar og inspirator Ingunn Stræte Lie fekk sitt andre barn i vår. Guten fekk namnet Gjermund. Storebroren Olav Andreas og mannen Jo-Asgeir gleder seg. Hallinglaget gleder seg over familieauken til Ingunn og Jo-Asgeir, og **gratulerer!**
2. Vår tidlegare danseleiar Knut Skrindo **vant** Dans Hardingfele klasse A saman med Sissel Flatland Rudningen. Det var framifrå dansing til låtten og begge strålte på scena. Sissel dansar som berre ho kan og me gler oss over slik reklame for dansen vår.
3. Ulf-Arne Johannessen har utvikla seg til å bli ein av landets beste lausdansera. I år **vant** han Lausdans klasse B med ein framifrå dans. Han hadde ein fyrste premiegrad frå før, så no er han A-klassen dansar i laus også! På Jørn Hilme vant Ulf-Arne A-klassa framom Martin Myhr og Hallgrim Hansegård som vart nr. 2 og 3 på Landskappleiken!
4. Hallingkvelden 24. mars vart ein **suksess**. Festen var vellykka og laget sat att med gode minner og masse peng til nye arrangement. Ein STOR takk til alle som var med!
5. Hallinglaget fekk 30% på dei nye glasa til Hallingbu frå Røros Bruk! Etter denne siste utskiftinga av vindauge vil Hallingbu mest berre ha nye glas. Glasa vart sett inn på ein stor dugnad helga 25. - 26. august!
6. Bjørg Irene Abrahamsen har fått jobb som bibliotekar i Åmot i Telemark og har flytta heim att til Seljord. Ein gjeng frå Hallinglaget skal arbeide dugnad for Bjørg Irene på Dyrsku'n i september for å tene inn nokre ekstra kroner til laget.
7. Sigrid Egtvedt har fått seg jobb som musikklærar på Folkemusikklinja på Vinstra Vidaregåande skule. Ho gler seg over den nye jobben og eit romsleg hus i skogen.
8. Omlag 20 frå Hallinglaget var med på Grillfesten hos Lisbeth og Ola 17. august. Ola hadde lova 28 grader i symjebasseneget og det var faktisk 30 grader! Huldraleiken med seks personar og Bernt Balchen i spissen spelte til dans. Mykje god mat vart fortært.
9. Vårt kjære styremedlem, Else Mohn er møbelapetserar og ho flytta 1. september inn i nye lokale på Lilleborg, i Ivan Bjørndals gt. 30. Else tek også oppdrag for folk i laget!



10. Renate Nysted Tønnessen er ferdig utdanna fysioterapeut og har begynt å arbeide på Vikersund, på Frydenberg Rehabiliteringssenter.

11. Terje Grangård fekk endeleg på storfisken i sommar .... Fjellauren var på heile 2,05 kg og var 57 cm lang. Fisken beit på med eit tilslag som alle fiskarar draumar om og det vart ein kamp om å få den inn. Hendinga vart eit skikkeleg fint ferieminne, som sjølvsagt måtte forevigast med eit bilet.

## Kjende Hallingar: ØYVIND BRABANT



### Fakta:

Navn:	<b>Øyvind Brabant</b>
Født:	12.12.1956
Barn:	Lars Christian (danser springar + laus)
Samboer:	Anna Brock
Bosted:	Garnås, Hallingdal
Foreldre:	Magnhild (Hovda, Valdres), Lars
Daglig yrke:	Norilia, Gol, Gildegruppen (3 ½ år) Ullarbeid, mottak, klassifisering.

### Feleaktiviteter:

Spelemannsslekt: Henrik Brabant, onkel til far, utflyttet til USA. Han lagde 3 feler

Lærermestre: Odd Bakkerud, Martin Oppheim, Sigbjørn B. Osa, Knut Myrann, Jens A. Myro og Olav Sire.

Tradisjon: Sataslåtten, J. Husemoen bl.a

Øyvind startet å spille ca. våren 1966

Undervisning på Gol Kulturskole, Leder av Nes Spel og Dansarlag, Musikalsk leder Hallingdal Låtelag, diverse spilleoppdrag, kappleik, dansespel.

Hva slags feler har han: 3 stk, Røstadfele, Åsenfele, Olav Helland fele

### **Øyvind slik jeg opplever han:**

Sitter i bilen på vei oppover til Låtelagsøving på Skaga. I CD spilleren ligger CD'en Vrengja og hallingspringaren Krullafuru dundrer gjennom høyttalerne. For et spel. Øyvind Brabant låter så jeg glemmer verden rundt meg og sanker en bot på 2000 kroner rett ovenfor Nesbyen. Men det ødelegger ikke gleden ved å være med på nok en øving med Øyvind som leder.

Øyvind Brabant er den naturlige og ubestridte musikalske lederen av Hallingdal Låtelag. En spelemann med et gudsbenådet reint, taktfullt hallingspel med likringer(forsiringer) som ingen gjør han etter. Og når vi spiller, så er det rett på sak, godt og støtt dansetempo i Låtelaget med en gang. Er det noe rart at en blir glad i slikt. Men å få det til sjøl.....

Jeg ble med i Låtelaget enda mens nestor Jens A. Myro levde. Øyvind var naturlig leder også da, men han bruker Jens mye som opphav til de låtene vi spiller i Låtelaget. Og Jens var jo en mester til å spille dansespel, så det er jo ikke rart at Øyvind har dette i blodet.

Så det er ikke annet enn naturlig at han er intervjuobjektet som vi har valgt i dette nummeret av Hallingljom. Berit Grøtt Ellefsen og jeg fikk et langt intervju med han etter konserten med hallingspel under årets Folkemusikkdager på Ål. Det var ikke nei der i gården! Like lite som det er nei når han blir bedt om å spille forskjellige steder, som da Hallinglaget hadde fest i Oslo i vår. Var ikke vanskelig å be heller da jeg hadde 60 års lag for noen få år siden. Store stunder for interesserte tilhørere. For Øyvind innfrir alltid, han er stø som fjell.

Øyvind er fast deltaker på mange stemner, du er sikker på å høre han på Landskappleiken der han vant i 1993, og der han alltid gjør det bra, på Fanitulltevlinga på Ål, der han har vunnet, og der han ofte er i finalespel og på Buskerudkappleiken der han har vunnet 12 ganger(!) og har fått 4 vandpremier til odel og eie.

Like viktig er det at Øyvind jobber aktivt for å lære bort sitt flotte spel til andre, og ikke minst de unge i dalen. Og så er han inspirasjonskilde både i Låtelaget og i Nes spel og dansarlag der han også er leder.

Jeg har også hatt gleden av å få ta opp på video en del låter han har spilt, og da følger det alltid med en del bakgrunnsstoff omkring låtten og hvor han har lært den. Ikke rart at han fikk statens arbeidsstipend for 2 år, der han gikk igjennom og ordnet/arkiverte 80 – 90 kassetter med gammelt verdifullt spel.

Og det følger ofte med en god spelemannshistorie med låttene, som for eksempel da Olav Sire datt ned av scenen..... (Må fortelles av Øyvind, men den historien er visst ganske kjent og sann!)

Vi satt igjen med et inntrykk av at vi hadde intervjuet en jordnær, ærlig og kanskje litt beskjeden spelemann, som trenger litt tid for å bli kjent med deg.

Øyvind fylte 50 år i desember i fjor, og etter alle solemerker så vil han være en topp spillemann og inspirator for mange i mange år enda. Og det er viktig for å bevare det GODE spelet!

Ola R. E. Imset

**Berit tilføyer:**

Vi har nok noe av det samme i Cd spilleren i bilen Ola og jeg. Vrenja er også en av mine aller største favoritter. Forskjellen ligger vel i at når det ”kribler” i fingrene til Ola – så kribler det i beina mine. De av oss som har vært så heldige å få danse til Øyvind Brabants spel veit hva jeg snakker om. Når Øyvind spiller ”Gro Holto” er det bare å gi seg dansen i vold. Jeg føler meg privilegert som vanker i et miljø hvor vi fra tid til annen har gleden av å høre hans fine spel.

Et lite tips: Har du ikke ”Vrenja” fra før – så er det en ”investering” som kan anbefales på det varmeste. Vi i Hallinglaget har noen på lager til kr. 125,- . Ta kontakt med Terje om du er interessert.



*Øyvind Brabant spelte meisterleg på Hallingkvelden!*

## Hallingspringar og laus

(Store danseopplevelingar på scena våren/sommaren 2007)

Det starta med dansinga på scena på Kulturhuset på Ål og kulminerte med dansing på Geilo og Fagernes. Ulf-Arne Johannessen var først ute med ein kjempefin laus under Folkemusikkveka på Ål. Her skjøna alle at me hadde ein ny A-klassen dansar på gang. Og Ulf-Arne vant Lausdans klasse B på Geilo og gjekk dermed opp i A-klassen etter at han også vant på Røros for to år sidan. Dette gjorde at det vart ei forrykande opning på Meisterkonserten på Geilo. Fyrst ut kom eit ekstranummer, eit dansepar med dei 12 år gamle dansarane frå Torpo, Helga Myhr og Øystein Bråten, som vart nummer tre i C-klassen enda så unge dei er! Dei dansar omlag som A-dansarar (fikk 84 poeng) og vart berre slått av Margit Myhr, Silje R. Liahagen og Vetele Springaard og eit dansepar frå Hardanger. Etter at 12-åringane hadde dansa hallingspringar, Ulf-Arne hadde dansa laus på ekte hallingvis og Vetele og jentene hadde dansa hallingspringar med to fylge var eg imponert og følte at dansen var redda for all framtid..... Eg sat med ein klump i halsen resten av Meisterkonserten og følte at eg hadde vore på rett stad til rett tid for ein gong skuld.

Elles arbeidde eg bak scena under Dans Hardingfele klasse A, eg sat og noterte ned namnet til spelemannen og kva for lått dei skulle danse etter. Det var triveleg å helse på alle spelemennene og dansarane som skulle på scena. Og hallingane gjorde det særskilt godt, sjølv om me hallingane som var der meinte dei burde hatt enno betre resultat! Men det var mange gode dansepar med, så då kan me ikkje ta alle dei tre første plassane. Geir Helge Espeset hadde så därleg rygg at han og Gunnlaug Lien Myhr ikkje kunne stille. Eg såg dansen på ein liten monitor på bakrommet og synest alle gjorde det bra. Då resultatlista kom hadde Sissel Flatland Rudningen og Knut Skrindo vunne heile tevlinga! Moro då me kjenner dei godt, Knut dansa imponerande fint til låtten og Sissel dansar så godt at ho heilt sikkert får mange poeng ekstra! Dei me kjenner enno betre var Ingunn og Ulf-Arne og Ingunn som vart nummer seks med ein spanande springar. Det er jo ingen som veit kva Ulf-Arne kan finne på; han la inn både korketrekkjar, einhands stift og klakka med hælane oppunder taket – te slutt. Også Marianne og Magne Øynebråten gjorde ein kjempefin springar, dei var nummer 9 av totalt 22 startande. Svein Aasen og dottera Kjersti var nummer 20 med ein fin numedalspringar.

Så var det laustevlinga då, både C, B og A-klassen etter kvarandre på same dagen. Idrettshallen var full, det var stor stemning og spent forventning – det var sett opp Kongepokal i A-klassen. Gjermund Bråten vant C-klassen, Vetele Springaard vart nummer 4 av 9 deltakera. Ulf-Arne vant B-klassen som hadde 6 deltakera. I A-klassen dansa alle betre enn nokon gong, unntatt Sigbjørn Rua, som bomma på hatten to gonger! Det vart straffa strengt – han vart nummer 6. Mange meiner at hallingkastet teljar for mykje, men det gjekk bra for dei fleste. Pang, pang - hattan for i alle retningar. Både Tom Løvli og Jon Ellingsen måtte sjå seg slått av dei tre finalistane: Eivind Bakken, Martin Myhr og Hallgrím Hansegård. For eit nivå på denne laustevlinga! Nesten komisk med boikotten til NRK-TV, som er heilt fråverande.

Men me som var der får vere glad for at dette er ein godt løynd hemmelighet som ikkje alle veit om. At ein kan sjå på tevlingar, danse og feste i 4 dagar for ein billeg penge. Hadde alle visst om dette måtte ein ha sett seg til i salen dagen før, men no er det plass til dei som kjem eit kvarter før start.

Kven som fekk kongepokalen vart først avgjort under Meisterkonserten, dei tre finalistane dansa (og for nokre dansarar) til programleiaren Randi Skeie kasta seg rundt Eivind Bakken –

som vant pokalen! Eivind vant også B-klassa i dans hardingfele saman med Arnhild Brennesvik, med den høgste poengsummen i dans på denne kappleiken! Med det resultat at dei viste denne dansen på Meisterkonserten i staden for dei som vant dans hardingfele kl. A! Det var fortærande, for det var Sissel og Knut, som mange venta å sjå! I eit slik sjeldsynt tilfelle synes eg at begge para burde vore vist, Hilde Kirkebøen var lei seg for ho spelte for alle som dansa hallingspringar på Meisterkonserten. Og fyrstelaget til Ål vant lagdansen i år, både for junior og senior! Då gjorde dei det geniale og tok med fire par frå kvart av laga og dansa hallingspringar så det kost etter. For ein fin dans, det blir heilt sikkert mange deltakera på hallingspringarkurset denne hausten òg .....



*Ål spel- og danselag vant lagdans både for junior og senior. Her ser me deltakera frå begge laga under Meisterkonserten på sundagen under Lanskappleiken.*

Dansen på Jørn Hilme var sensasjonelt bra i år. Mange frå LKL var med og her fekk me sjå att mange av dei som dansa på Geilo. Lausdansen vart vunne av Ulf-Arne med Martin Myhr og Hallgrim Hansegård eitt poeng etter! Dei er jo omrent like gode, det er smak og behag, Martin bomma på eit spark men Ulf-Arne trefte på begge kasta etter spel av Jan Beitoaugen Granli. Ein yter jo litt ekstra når Jan spelar lausen Krøsshaugen. Hallgrim fekk eg ikkje sett her men ingen er råare enn han, det såg me på konserten hans på torsdagskvelden, i danseoppsetjinga "BASTARD". Denne forestillinga på torsdagskvelden var heilt utseld!

Elles ser ein så godt på Jørn Hilme, under kappleiken kan ein ofte sitja på 2. eller 3. rada og sjå "alt". Og i tillegg til ein forrykande springar av Ingunn og Ulf-Arne kom eit nytt dansepar fram i lyset: Sissel Flatland Rudningen hadde fått med seg Håkon Tveito, danselegenda frå Leveld i Ål til ein hallingspringar. Arne Anderdal spelte Fuggeln og dette vare dans det lukta fuggl av! Dei vant over alle dansepara denne sundagen, så det var moro å vere gjest på nok eit Hilme-

stemne. Imponerande at Håkon Tveito kunne danse slik etter minst ti år som han har vore borte frå dansinga. Men, Sissel får det til, og er ein magisk dansar som får fart på gutane.

Moro at me spurte Håkon før sommaren om han kunne halde eit springarkurs for oss i haust, og det ville han! For no er det nok omlag 15 år sidan han heldt kurs for oss i Hallinglaget, så det er på tide å få han nedover att. Så finn fram danseskoa, kom dykk ut på golvet og opplev hallingspringaren på sitt beste.

*Terje  
i mimrestemning ...*



*Jan Beitoaugen Granli vant Hardingfele klasse A også i år, han har vunne minst to gonger før. Ingen over og ingen ved sida, dansespelet hans på kvelden torsdagen på Highland var heilt rått. Takk for at det finnes slike spelemenn som han, som stiller opp - også som spelemann for dei som skal danse kappdans!*

*Bildet viser Jan med famnen full av premiar etter Meisterkonserten.*

## **HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR**

**10. - 11. november 2007**



*Biletet synes Håkon Tveito og Sissel Flatland Rudningen  
på Jørn Hilme stemnet 2007. Dei vant A-klassa!*

**Laurdag: 10. november, kl. 12.00 - 16.00**

**Sundag: 11. november, kl. 12.00 - 16.00**

**Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

**Instruktørar:**

**Håkon Tveito, A-klasse dansar  
og Renate Nysted Tønnessen som  
er utdanna i dans.**

**Spelemenn:**

**Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset på  
hardingfele.**

**Mat:** Det blir ei god matpause der Berit, Else og Gro-Sissel og andre i styret vil sorgje for maten.

**Pris:** Kr. 350,-/400,- for medlemer/ ikkje medlemer der mat, kaffi og te er med i prisen! Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 300,-.

**Kursinformasjon:**

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar.

Håkon Tveito vant Kongepokal i Hardingfele dans kl. A, saman med Gunnlaug Lien Myhr, alt i 1995 i Førde. Håkon er ei danselegende enda så ung han er, og han er ein av dei beste dansarane me har i Hallingdal i dag.

Renate Nysted Tønnessen har utdanning i folkemusikk og folkedans og ho har dansa med Hallinglaget i mange år og er med i Styret. Ho er flink til å syne turane til jentene. Håkon og Renate vil vise oss stega og lære oss mest mogeleg på to dagar!.

Dei vil leggje vekt på mange interessante moment i hallingspringaren:

- slik som rytmefigurer, teknikk, vendingar og variasjonar....

Her blir det liv og leik, og mange deltakarar!

**NB!** Meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på!**

**Tips:** Ein rask og god måte å få lært seg hallingspringaren på:

Fyrst minikurs (30. sept.), nokre øvingskveldar og så dette helgekurset som garantert vil få fram ein betre dansar i dykk alle!

## **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Det er springardansing desse onsdagane:**

12. sep.	Springarøving kl. 19.00	Hilde Kirkebøen.
26. sep.	Springarøving kl. 19.00.	Hilde Kirkebøen
10. okt.	Springarøving kl. 19.00.	Thea Tunås Bratteng
24. okt.	Springarøving kl. 19.00.	Huldraleiken
7. nov.	Springarøving kl. 19.00.	Eilev G. Myhren
21. nov.	Springarøving kl. 19.00.	Ola R. Imset
5. des.	<b>Småmatfest / Juleavslutning kl. 19.00.</b> Med <u>tradisjonskost</u> : <b>småmat og lefsekling!</b> <b>Møt opp til eit triveleg lag før jul!</b> Springar og gammaldans. Utdeling av diplom til ihuga dansarar.	Hilde Kirkebøen

### **Dansespel ved:**

### **Helga 8. – 9. september: Hausstur til Hallingbu.**

Dagstur eller overnattningstur. Føl stemninga på Hallingbu. Interesserte må melde seg på til laget slik at middagen kan samordnast. Det kan også bli ein tur i oktober, så meld frå til laget om du er interessert - så får du info.

### **Helga 28. – 29. september: Folkelarm på Cosmopolite.**

### **Sundag 30. september: Minikurs i hallingspringar, før Folkedanskvelden kl. 18.00.**

**Dansespel ved Ola R. Imset.** Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir springardans ein ekstra time etter kurset. Her må alle som vil prøve seg på springaren møte opp!

### **10. – 11. november: STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR!**

Instruktørar: **Håkon Tveito** (A-klasse dansar/Kongepokalvinnar!) og **Renate Nysted Tønnessen** (som har utdanning i folkedans!). Spelemenn: **Hilde Kirkebøen** og **Ola R. Imset**.

**Laurdag kl. 12.00 – 16.00.**

**Sundag kl. 12.00 – 16.00.**

Matservering kl. 14.00 begge dagar. Set av helga alt no! Rimelege prisar som i fjar. Meir info. kjem seinare.

**Møt opp og bli ein betre dansar!**

### **Laurdag 17. november: Oslokappleik i Nordahl Bruns gt. 22.**

**Sundag 25. november:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30. Dei som er vakter kjem inn gratis. Hallingspringar ved Ola R. Imset i pauza!

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

**Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)**

Mangeårig medlem i Hallinglaget, Olav Arne Løstegaard, hadde eit tankevekkjande innlegg i Hallingdølen i sommar. Me har fått lov til å bruke dette innlegget her i Hallingljom, så her kjem det:

## **GOLSFJELLET- VILL VEST UTAN VILLE FJELL LENGER?**

Når utbyggingsinteressene for fjellheimen slær seg saman og veks seg sterke, er det all grunn til å rope eit varsko; her blir det bråk, masse bråk.

Fjelle me ha rundt oss her i Hallingdal ligg der så rolege og stille. Slik har dei liggje der i tusenvis av år. Dei berre era der. Vær og vind har sett sine spor, men fjelle ha stønde i mot. Innimyndo fjello er det godt å gå. La augo få kvile mot dei slipte og velforma toppane. Her stoppar tida opp. La fjelle få tale si mange tusenårige historie. Gje seg over til fjellet, høyre klukkinga frå fjellbekkane, det æ godt for sjel og sinn.

Slik har fjellet unike kvalitetar som du vanskeleg kan finne andre stader. Men i dei seinare åra har me fått inn eit nytt og uhyggjeleg dyr her i fjellheimen, eit uhyre som truleg har krabba seg opp frå skjærgården og funne seg ny næring i fjellheimen, nemeleg PENGEMAKTA. Dette uhyret et seg innover fjellet utan å sky nokon middel. Ja, sjølv dei mektigaste fjelltoppane må gje tapt. Dette uhyret slukjer alt. Attende ligg knust fjell som flotte vegar, solide grunnmurar og luksushytter. Du og du før ein velstand!

På Golfjellet er uhyret vel organisert. Hyttetomtene er pressa oppover tett oppunder dei høgaste toppane. Her likar tydlegvis pengemakta seg svært godt. Dess høgare opp, dess høgare pris, dess meir inn på konto.

Og resultatet let ikkje vente på seg. Gurisettøppen er knust og fylt opp med hytter på austsida mot Tisleia. Og no står sør - austsida av Ørterhovda for tur. Rundt Aunhaugen har bonden klart og rive opp jorda og laga dyrka mark. Storefjelltøppen har fått lysande mast på toppen. Vakkert??

Fins det toppar att på Golsfjellplatået som har klart seg undå klørne til dette uhyret? Ja, hurra, Veslefjell. Men berre vent, eit angrep kjem nok også her.

Det er god grunn til å spørje om korleis dette hærverket på den norske fjellheimen berre kan fortsetje utan at nokon ser ut til å bry seg. Og dette skjer ikkje berre på Golsfjellet. I alle nabokommunane ser me den same utviklinga. Alle nikker stilletiande ja, sjølv om dei fleste nok har ei anna stemme lenger inne som prøver å seie noko anna. Laftaren og snikkaren ser naturleg nok at her er det kortsiktige raske pengar å tjene, det same gjer elektrikaren og røyrleggjaren, og ikkje minst butikkane og hotella. Bonden treng attatnærings i eit pressa landbruk. Altså, HEILE BYGDA ROPAR I KOR: Knus fjellet. Me era rike, men som det heiter ”mykje vil ha meir”.

Uhyret har festa grepet om utmarkslaga. Grunneigarane diltar med, sjølv sagt. Det er ikkje lett å stå i mot pengemakta når ho fyrst har festa grepet. Det fongo me tydleg demonstrert no på fyrisommaren i samband med utbygginga på Øvre Kamben i Gol. Politikarane i Gol spratt opp i giv akt og loto seg bruke av utbyggjarinteressene til å overstyre kommuneleiinga. Dette er vill vest!

Det mest tragiske i dette er at heile bygda er i ferd med å sage av den greine som skulle gje varige verdiar for dei komande slektene i fjellbygdene. Kva har me å by fram når fjellheimen er vorte einaste stor annleggslass med hytter og vegar same kvar du snur deg? I samband med kommunevalet til hausten vil eg utfordre partia i bygdene til å stå fram og fortelje kor dei står i denne viktige saka. Vågar me og setje bremsene på den voldsomme utbyggingstakte og plassere hyttetomtene der dei høyrer heime, nemleg godt gjymde langt nede i bjørkebeltet?

Olav Arne Løstegaard  
Grunneigar i Gol



*Hardangervidda med Hardangerjøkulen i bakgrunnen. Überørt natur heldigvis.*

## Hallingkvelden 24. mars vart ein SUKSESS!

(Laurdag 24. mars skipa Hallinglaget til ein stor fest med omlag 100 deltagera i Nordahl Bruns gate).

Ein stor takk til alle som bidrog, resultatet vart ein gild fest der Hallinglaget kom på kartet som festarrangør her i hovudstaden! Minst 100 personar var innom Nordahl Bruns gate 22 denne kvelden. Mykje takka vere ein spanande konsert, god mat og masse godt dansespel.

Det begynte forsiktig med eit forslag på eit styremøte, Ola R. Imset og Berit Grøtt Ellefsen var mest ivrige. No er det på tide å samle hallingar i byen og i dalen - slik før Landskappleiken på Geilo! Me spør dei beste trekkplastralane i Hallingdal, sa Ola, Øyvind Brabant og Ulf-Arne Johannessen. Me set opp buss T/R Geilo, sa Berit, så hallingane kan få tatt seg ein bytur! Og alt klaffa, Øyvind og Ulf-Arne sa **ja!** og då ville alle vere med på å lage til eit skikkeleg lag med folkemusikk og dans. Høyr berre, alle dei andre som bidrog til dansespelet spelte gratis! Fantastisk. Hallinglaget takkar difor desse spelemennene/ kvinnene: Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen, heile Huldraleiken som Bernt Balchen leiar, heile Hallinglag Låtelag som Øyvind leiar og gammaldansgruppa til Ola som heiter "Best før ...". Det var spelliste som på ein kappleik og for ein konsert!

Her fekk me til fulle høyre det klokkeklares og taktfaste spelet til Øyvind på hardingfele. Mange sat andektig og hørde på - det er ikkje så ofte ein får hørt så mykje spel frå han. Her trilla dei kjende springarane frå Hallingdal fram frå fela. Etter to låttar skifta dei på å spele slik at konserten vart veldig variert og Ulf-Arne spelte torader som berre han kan. Han spelte både vakre springarar og nokre kjempefine valsar og reinlendarar etter morbror sin Oddemann Haugen. Og då me trudde Ulf-Arne skulle ta dei siste låttane skjedde set noko uventa som heller ikkje eg visste om! Øyvind spelte opp ein drivande hallingspringar og Ulf-Arne hoppa ned frå scena og tok med seg Renate Nysted Tønnessen. Dei fekk til ein skikkeleg fin springar som vart eit førebilete for oss andre seinare på kvelden. Neste nummer vart ein laus med Ulf-Arne, Renate heldt hatten og alle klappa for karen som alle såg var klar for A-klassa! For ein konsert og for ein avslutning - midt i blinken for eit danselag.



Bileta viser Ulf-Arne og Renate i ein herleg hallingspringar, Øyvind ser de på scena!

Før konserten fekk me spist oss mette på spekemat med alt som høyrer til. Berit, Else Mohn, Svein Aasen og underteikna gjorde ein stor jobb på føremiddagen. Me stod på med å lage til

maten og rigge til alt i Storsalen. No kom dei store langborda under scena fram att, og me laga til eit bordsete til vel 70 personar som hadde meldt seg på. Både før og på sjølve festen bidrog heile styret og mange medlemer, med kakebakst og sal av drikke.

Ein stor takk til alle desse, utan desse hadde ikkje festen blitt så vellykka. Det var artig at me fekk det til. Dette var også fyrste gongen at det vart selt øl og dram i Nordahl Bruns gate. Me gjorde ikkje noko stort nummer av det, for me hadde eit ansvar om at alt skulle gå bra, og det gjorde det. Laget var så heldige å få sponsa øl av Archie, så det var ikkje så rart at festen gjekk med overskot! - sjølv om bussen frå Geilo kosta flesk. Men alt dette vart ei totalpakka - dei som spelte kunne komme seg rimeleg til byen for å delta på dugnadspelinga! Og for eit dansespel!

Ikkje nok me at me var 70 til bords, Magnar Sundt i Laget for Spelemenn ringte til underteikna og lurte på om dei kunne komme, ein 20 - 30 personar! For det var eit stort seminar i dans og kveding i Oslo denne helga, og dei trengte noko kulturelt på kvelden. Dei hadde fått vite om Hallingkvelden og hadde lyst til å vere med. Denne festen hadde ryktast i byen og til slutt var det også mange frå Musikkhøgskola og folkemusikkmiljøet til stades. God reklame for BLS og Nordahl Bruns gate seier eg.

Eg håper også at dei som var med bussen ikkje vart for slitne på vegen opp att til Hallingdal. Dei mista også ein time pga. overgang til sommartid! Eg var passe utsliten dagen etter - det var så vidt at føtene bar meg etter all dansinga og sjauinga. Men det gjekk fort over, og gleda over ein slik vellykka fest har sveisa laget enno betre saman. Så dette blir nok ikkje siste gongen, folk var så positive at me nok vil freiste på att med noko. Og ikkje til å tru, i 2009 er me heile 110 år og det må feirast. Så om ikkje før, så møt opp då!

Terje



*Ulf-Arne dansar laus og Renate heldt hatten, det vart treff!*

## Hytta vår – Hallingbu

Hallingbu vært stadig finare og enda trivelege å vitje.

I sumar/haust har peisen i stova og brannmuren på midtrommet, det nye "vinterkjøkkenet", fått eit strøk med kvitmåling. Glaset på kjøkkenet, som hadde store råteskader, er byta ut med nytt småruta glas frå Røros. I same slengen vart også glaset i gangen skifta ut. Dei nye glasa kom kvitmåla frå fabrikken. Innvendig er utforingar og listverk måla kvitt, førebels 1 strøk. Seinare i haust eller til våren vært strøk nr. 2 måla.



*Full konsentrasjon ved montering av vannbrettet, Terje og Bård i aksjon ...*

I soverommet er veggen mot midtrommet måla kvit. Eit felt mellom rundbjelkane i taket er også måla kvitt. Planen er å måle heile taket mellom rundbjelkane kvite og behalde trefarga på bjelkane.

Utvendig har hytta fått 1 strøk med beis på sørveggen og austveggen. Elles har det som vanleg vorte rydda rundt hytta samt saga og kløyvd ved så vinterveden ligg og tørkar i uthuset.

Dugnadshelgane har ikkje berre vori hardt arbeid. Mykje sosialt samvær og gode måltid høyrer med. Grilling av kjøt og fisk, med masse godt til har vore fast innslag på kvelden. Dei mest ihuga dugnadsarbeidarane i sumar har vore Terje, Svein, Bård, Oddmund, Else og Michel. Desse har lagt ned eit imponerande arbeide med å få hytta i stand. Seinare vonar me at jentun kjem sterkare tilbake - me treng dei også på Hallingbu sjølv om me fekk laga oss god mat utan. Dei tøffaste har lauga seg i Ormtjern.

Som de ser er dugnadsånda svært god i Hallinglaget. For å sjå kor triveleg det er på Hallingbu må du ta ein tur på beina eller på ski. For den som ikkje har vore der før tek det ca. 40 minuttar med roleg gange frå Snippen. Følg blåmerka sti/rås i retning Sinober. Om vinteren er det raudmerka løype frå Snippen retning Sinober, også da tek det ca. 40 minuttar.

- Svein



*På fyrisommaren stilte jentene sterkt opp, med spel, dans og god mat. Her kosar dei seg i solveggen på Hallingbu. Jentene er frå venstre Bjørg Irene, Else, Sigrid og Gro Sissel.*

## **Haustfesten til Rundsnuen**

**Laurdag 13. oktober 2007, kl 18.30 - 24.00**

**Storsalen, Nordahl Bruns gate 22. Oslo**

**Søndre Trondhjem Spellmannslag** heldt konsert og spelar til dans. Spellmannslaget vart stifta i 1994 og har fleire gode plasseringar på Landskappleik og Landsfestival. Lager har gjeve ut CDen "Den e grei, ja ..", og vant med denne Folkelarmprisen i 2006.

Dørene blir opna kl 18.00 og konserten startar kl 18.30. Dansen startar kl 19.15.

Påmelding innan onsdag 10. oktober. Pris kr 250. Studentpris kr 150.

Info [Ronald Johansen](#) 61251525/ 959 65 885 eller [Else Buskov](#) 61263801 /412 94 266

Pause med heimebakst og kaffi/te.

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2007**

**Også i år blir studentar og ungdom mellom 16 og 25 år subsidierte**, for om mogeleg å få med fleire unge. Så her kjem ei oppfordring til alle: få med fleire ungdomar og dansarar i laget!

Fullt medlemskap for vaksne er som i fjor: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg vanlegvis ved fyrste sendinga etter nytår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.

---

### **Hallinglaget har CD-ar til sals:**

<b>CD-ar til sals:</b>	<b>År</b>	<b>Informasjon</b>	<b>Pris</b>
Vrengja	2002	Øyvind Brabant frå Nesbyen. Meisterleg hallingspel på hardingfele.	kr 125,00
Hardingfelelæte frå Ål i Hallingdal	1997	Magne Myhren spelar kjente slåttar frå Hallingdal. Særs god dokumentasjon!	kr 120,00*

\*) Medlemspris: berre kr 100,00!

## Folkedanskveldar våren 2007

**Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, minikurs i Blåsalen (kr 100,- for heile kvelden frå kl. 18.00).**

**Normalt frå kl. 1930-2245, i Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo.**

Dato	Storsalen	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
02. sep	Østerdølenes Spellmannslag	Rørospols	Leikarringen i BUL
09. sep	Steinsgårdskroken	Stildans	Folkedanslaget Symra
16. sep	Husk gammeldansorkester		Rundsnuen Danselag
23. sep	Farande Fant	Ulvikaspringar	Hordaringen
30. sep	Bærum spellemannslag	Hallingspringar	Sogn og Fjordaneringen
07. okt	Flatlusa speleemannslag	Int.nasj. folkedans	Oslo Songdanslag
14. okt	Nysst		Ungdomsringen i BLS
21. okt	AskerLadden	Stildans	Folkedanslaget Symra
28. okt	Østerdølenes Spellmannslag	Svenska polskor	Sogn og Fjordaneringen
04. nov	Speleemannslaget De frilynde	Færøydans/stordans (frå kl. 17.00)	Oslo Songdanslag
11. nov	Deltakarane	Finnskogpols	Hordaringen
18. nov	Nysst		Rundsnuen Danselag
25. nov	Best før ...	Svenska polskor	Hallinglaget i Oslo
02. des	Husk gammeldansorkester		Numedalslaget i Oslo
09. des	Fanteladdane		Valdreslaget i Oslo

**Inngang: Medl. Kr 60,- ikkje medl. Kr 100,-**

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Bygdelagssamskipnaden**

[www.bl.no](http://www.bl.no)

**e-post: [bls@online.no](mailto:bls@online.no)**

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

**Bygdelagssamskipnaden**

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: [bls@ungdomslag.no](mailto:bls@ungdomslag.no), telefon: 913 22809

## **Styret i Hallinglaget 2006–2007**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@c2i.net">grangard@c2i.net</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: <a href="mailto:berit.ellefse@dnbnor.no">berit.ellefse@dnbnor.no</a>
<b>Kasserar:</b>	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf. 6691 3753 – heime Tlf. 4803 4943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Ola R. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: <a href="mailto:ola@imset.net">ola@imset.net</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Renate Nysted Tønnessen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf. 9955 2650 - mobil, E-post: <a href="mailto:renatenysted@yahoo.com">renatenysted@yahoo.com</a>

---

### **Bladstyre for Hallingljom:**

Kathinka Mohn, Sigrid Egtvedt og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til:

E-postadresse: [kathinka.mohn@parat.com](mailto:kathinka.mohn@parat.com) eller til ein i Styret.

### **Hyttestyre for Hallingbu:**

**Leiar:** Bård Kyrkjedelen,

Ånnerudskogen, 1383 Asker.

Tlf.: 6690 3998 – heime

E-post: [bard.kyrkjedelen@c2i.net](mailto:bard.kyrkjedelen@c2i.net)

**Medlemer:** Else Mohn og Hilde Kirkebøen.

**Revisor:** Alix Cordray

Tlf.: 2225 2949

### **Hallinglaget på nettet:**

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com), [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) og [www.dans.laus.no](http://www.dans.laus.no)!

Hallingbu



{(?)}

32%